

Ishavets Grand Old Lady

M/S Polarstar

75 års jubileum



Ishavsmuseet, Brandal

24. – 27. august

Torsdag 24. august:

kl. 14.00 – 18.00

Potetball med godt tilbehør i museumskafeen

kl. 19.00

Polarkveld med isbjørnforskar Thor Larsen

Thor S. Larsen er biolog og har arbeida internasjonalt med forvaltning av miljø og naturressursar. Han er særleg kjent for sitt arbeid med isbjørn og var ein pådrivar for inngåinga av isbjørnavtalen i 1973. I fleire år var det «Polarstar» som var ekspedisjonsbåt for forskningsturane til Larsen.

Larsen studerte ved Universitetet i Oslo, der han i 1966 ble cand.real. Etter dette fortsette han studia ved University of Minnesota i USA. Larsen blei i 1985 dr.philos. ved Universitetet i Oslo. I 1972 starta han ved Norsk Polarinstitutt, der han var leiar for biologisk avdeling fram til 1985. Etter å ha arbeida i Norconsult, var han frå 1985 til 1988 førsteamanuensis ved Institutt for internasjonale miljø- og utviklingsstudiar - Noragric. Larsen blei seinare professor II ved Noragric. Han arbeida så for Norad i Zambia til 1990, då han vende tilbake til Norsk Polarinstitutt som forskningsdirektør. I 1991 vart han spesialrådgivar i Norad, før han i 1995 vart leiar for senter for internasjonale miljø- og utviklingsstudiar ved Norges landbrukshøgskole. Frå 2001 var han forskar ved UMB og rådgivar for UNEP/GRID-Arendal.

Larsen har forska på dyrebestandane i polarområda så vel som i tropiske strøk. Han starta med studiar av isbjørn på Svalbard på midten av 1960-talet. Larsen har i sitt internasjonale verke vore særleg oppteken av forvaltning av miljø og naturressursar.

Thor Larsen kjem til Ishavsmuseet for å fortelje meir om sitt arbeid som isbjørnforskar, og då med vekt på turane med «Polarstar». Og som Thor seier: «Turene med Signalhorn med Bjarte Brandal som skipper er også uforglemmelige».

Billett kr. 125,- Førehandssal www.ishavsmuseet.no eller i døra.

Fredag 25. august Kl. 19.00

Polarstar 75-års programkveld i teltet ved museet.

«Polarstar»-veteranar, musikk, helsingar m.m

Med i programmet: Ole Rolfsrud, Ordførar Bernt Brandal, Christian Rieber, Gunnar Myklebust, Terje Valderhaug, Knut Harald Kvammen, Sigvald Brandal, Marit Karlsen Brandal, Arnt Skinnnes, Ronald Øvrelid og fleire.

Ronald Øvrelid syng og spelar også utetter kvelden etter programmet.


Servering av middag frå kl. 17.00-19.00 og frå kl. 21.00-22.00. Meny: Selbiff forma i bacon med fløtegratinerte poteter, grønsaker og stuertens fløtesaus.

Billett festkveld kr. 150,- Festkveld inkludert middag kr. 375,- Påmelding for middag, tlf 95 11 76 44 eller bestill bill. på www.ishavsmuseet.no

Laurdag 26. august kl. 21.00

Dans i teltet med Cozy. Her får du alt frå rolege balladar til heftig rock'n roll. Repertoaret spenner seg frå Justin Timberlake, via Beatles til AC/DC – Alt etter kva publikum ønsker.

Dette er eit av dei lokale banda som har lengst fartstid. Kanskje er dette nettopp fordi dei er så flinke til å oppdatere seg. Opphavsmann Øystein Liavåg er sjølve stamma i bandet og han har valt bandmedlemmer frå øvste hylle. Med Cozy får du oppleve eit komplett band med kvalifiserte musikarar som stortrivst med å framføre musikk og få folk i godt humør. Besetning: Venche Leite – Vokalist, Finn Arne Lillevold – Vokalist, gitarist, Kurt Andre Tyrnes – Trommer, Glenn Huldal – Bass, kor, Øystein Liavåg – Gitar, kor.



Servering av Bacalao-buffé med kvit og raud bacalao og heimebaka focacciabrød frå kl. 18.00 – 21.00. Billettar førehandssal på www.ishavsmuseet.no, og i døra.

Billett Cozy kr. 250,- Cozy og bacalao kr. 450,-

Søndag 27. august

Ishavsmuseet og Polarstar ope kl. 11.00 – 17.00

Servering av middag på museet kl. 13.00-17.00 Meny: Kjøtkaker med tilbehør og ishavets viltgryte med selkjøt.

Kl. 14.00

Familieshow med Kaptein Ishav i teltet.

KAPTEIN ISHAV



Kom ver med å feire 75 års dagen til Polarstar i lag med oss!

Håpar å sjå deg der. Førehandssal av billetter på www.ishavsmuseet.no

Takk til Sparebanken Møre for raus stønad til jubileet.

www.ishavsmuseet.no - www.polarstar.no

www.facebook.com/aarvak - www.facebook.com/mspolarstar

Tlf. 95 11 76 44 post@ishvsmuseet.no

